

## Referat SU 03.10.2018

**Til stade:** Monica Helgøy (rektor), Sebastian Løland (elvråd), Laila Jonassen Haukalid (lærer), Liv Kristin Eggen (lærer), Inger Lise Riveland (vara for FAU), Inger Ann Haukali (FAU), Katrin Persche (andre tilsette) og Gunnleif Haukalid (politikar).

**Fråfall:** Aina Espedal (elevråd) og Hege Tunglund Langbakk (FAU)

### Sak 9/18 Val av leiar, nestleiar og referent

Leiar: Liv Kristin Eggen

Nestleiar: Inger Ann Haukali

Referent: Katrin Persche

### Sak 10/18 Godkjenne referat frå møte 28.05.18

Godkjent utan kommentarar

### Sak 11/18 Skulegudsteneste

Skal vi behalde skulegudstenesta?

- FAU vil behalde skulegudstenesta der elevar ber om fritak.
- Småskulen seier dei vil behalde skulegudstenesta.
- Kulturskulen seier at dei kan bidra.
- Det kom forslag om at 9. klasse og konfirmantar er ansvarlege for skulegudsteneste.
- Elevråd meiner at det er ein god idé at 9. klasse og konfirmantar tek over dette arbeidet.
- SU meiner at skulegudsteneste skapar fellesskap.
- Det kom forslag om at kyrkjekontoret lagar eit skriv med info om kva som er innhaldet i ei skulegudsteneste.
- Det kom forslag om at sundagsgjengen v/Laila Haukali kan vere med å bidra til ei skulegudsteneste.
- Irene Thu på kyrkjekontoret må kontaktast slik at vi kan finne ei ordning på korleis vi, på ein enkel og praktisk måte, kan framhalde med skulegudsteneste utan at det går ut over undervisning i skulen like mykje som før.

Vedtak: Vi skal ha skulegudsteneste

### Sak 12/18 Status Chromebook

Rektor informerer:

- Alle elevar har fått Chromebook.
- Rektor får positive tilbakemeldingar frå lærarar.
- Elevane er nøgde.
- Lærarane gjer ein god jobb med innføring.
- Alle elevar vil få headset.
- Skulen ser på andre hjelpemiddel som kan brukast digitalt.

Chromebook på bussen?

- Nei, Chromebook skal ikkje brukast på bussen
- Info til føresette på vekeplan (Kontaktlærer)

- Info til Kolumbus (Rektor)
- Info på facebook (FAU)

#### Sak 13/18 Årsplan SFO

- Både barn og tilsette er nøgde med ny SFO. Det er blitt ein kjekk SFO.

Vedtak: Årsplan er godkjent

#### Sak 14/18 Plan for trygt og godt skulemiljø

Skulen har ein plan for trygt og godt skulemiljø som ligg på heimesida. Der kan føresette finne informasjon om lovar, reglar og prosedyrar i mobbesaker. Det er også eit årshjul i denne planen der føresette kan sjå kva dei ulike klassane skal gjer av aktivitetar i løpet av året. Plan for trygt og godt skulemiljø er eit levande dokument som kvart år skal opp i SU for godkjenning.

Vedtak: Godkjent

#### Sak 15/18 Trafikkplan for Forsand skule

Sandnes kommune går for å bli ein «Trygg trafikk kommune», derfor skal vi ha ein trafikkplan.

- SU vil anbefale at dei ikkje sykklar før dei er 10 år. Det bør stå i planen kva Trygg trafikk seier om å sykle til skulen før fylte 10 år.

Vedtak: Godkjent med endring

#### Sak 16/18 Skulen sin plan for heim – skule samarbeid

- Det må ei endring inn i planen om at det er ein foreldre frå kvar klasse representert i FAU. 7 medlemmar og 3 vara.
- Lenke til ordensreglar i plan for skule – heim samarbeid, på heimesida, skal fungere når ordensreglane er godkjent av SU.

Vedtak: Godkjent med endringar

#### Sak 17/18 Skulen sine ordensreglar

Den nye utforminga av ordensreglar, som er delt i ordensreglar frå 1. – 7. klasse og ungdomstrinnet, er enkel og oversikteleg. Elevane skriv under når dei startar i 1. klasse, kjem nye til skulen og når dei startar i 8. klasse. Det vil ikkje lenger bli sendt ut papir til å skrive under kvart år. Reglane vil bli gått igjennom kvar haust som ei oppfrisking, men ein får dei ikkje heim til å skrive under på kvart år. Kjem det endringar vil eit nytt skriv bli sendt ut for underskrift.

Vedtak: Godkjent

*Datoar for dei neste SU-møta: 13.11.2018 klokka 18.00 – 19.00*  
*06.02.2019 klokka 18.00 – 19.00*  
*08.05.2019 klokka 18.00 – 19.00*

Forsand 19.10.2018

Referent: Katrin Persche